

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 55/2007

Møtedato: 5.9.07

Arkiv nr:

## **Søknad om naust i Grønsenn**

Ola Rogn og Steinar Haugrud søker om å få setja opp eit felles naust i Grønsenn for to båtar.

Statskog avgjer søknad om naust etter uttale frå fjellstyret. Statskog og fjellstyret har ført ein restriktiv line med oppføring av nye naust. Det har ikkje vorte godkjent nye naust sidan 1981. Unnateke dette er dei som fekk demt ned nausta sine ved regulering av Storfjorden. I Grønsenn er det godkjent flytting av eit naust frå nordenden av vatnet til Pøllen og i tillegg har fjellstyret ført opp eit naust for bruk til stamfiske.

Grønsenn er likevel i ei særstilling ved at det ikkje er veg ned til vatnet slik det er i dei andre vatna. På bakgrunn av dette har fjellstyret forståing for behovet for naust. Dette gjeld spesielt for oppbevaring fiskereiskap. Båtar bør etter fjellstyret sitt syn kunne ligge ute. Ei løysing er at det kan lagast eit fellesnaust for stølslaget og at naustet blir delt opp i rom for oppbevaring av fiskereiskap.

## **Vedtak:**

Fjellstyret finn ikkje å kunne tilråda søknaden frå Ola Rogn og Steinar Haugrud.

Fjellstyret ser positivt på eit fellesnaust til oppbevaring av fiskereiskap. Eventuelle vilkår må drøftast nærare dersom det er interesse for dette.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.9.07

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Ola Rogn og Steinar Haugrud  
Statskog  
Vestre Slidre kommune